

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:

2017/1138 - 6954/2017

Sakshandsamar:

Gina Beate Holsen 51 96 3830

Dato:

03.01.2018

Innspel til høyring – endringar i Universitets- og høgskulelova og Fagskulelova – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga sine (NOKUT) oppgåver og behandlingsansvar for Nasjonal vitnemåls- og karakterportal

1. Endring i NOKUTs oppgåver og formuleringar i UH-loven

Helse Vest har ingen innvendingar til departementets forslag om å overføre ein del forvaltningsoppgåvene og ansvaret til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). Vi meiner det må vere ein styrke for NOKUTs rolle som kvalitetssikringsorgan for høgare utdanning at det i lovteksta blir presisert på kva for områder organet er under styringsrett frå Kunnskapsdepartementet, og innan kva for oppgåver NOKUT er fagleg uavhengig.

Sjuehusa/helseføretaka i Noreg er institusjonar som har omfattande og utstrakt undervisnings- og utdanningsoppdrag for mange ulike studentgrupper både innanfor bachelor-, master og profesjonsutdanningar. Føretaka sitt utdanningsansvar følgjer av Spesialisthelsetenestelova og kommer ikkje direkte inn under NOKUTs akkrediteringsportefølje: Alle studentar som er i praksis ved sjuehusa har tilknytning til eit universitet/ høgskule og det er ved desse institusjonane NOKUT fører tilsyn og akkreditering. Vi kan ikkje sjå at det framlagte forslaget har direkte konsekvensar for helseføretaka som utdanningsinstitusjon.

2. Nasjonal vitnemåls- og karakterportal

Helse Vest har ingen innvendingar til at det blir etablert eit tenesteorgan for høgare utdanning som blir gitt databehandlingsansvar for personopplysningane i den nasjonale vitnemåls- og karakterportalen.

Vennleg helsing
Helse Vest RHF



Hilde Christiansen
Direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi



Gina Beate Holsen
PO-rådgivar